ALVER
KOMMUNE

Fløysand Va As
Fløksand
5918 Frekhaug

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Linda Hammersvik Folkestad | 25.08.2023 |
| Vår: 20/6766 - 23/66090 | linda.folkestad@alver.kommune.no | |

# Foreløpig svar på ferdigmelding - Gbnr 354/38 Husebø

**Tiltak:** Tilknyting offentleg vatn og avløp
**Byggjestad:** Skjelangervegen 850 – Gbnr 354/38
**Tiltakshavar:** Jan Haugsvær
**Ansvarleg søkjar:** Fløysand VA as

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad

**Mottakskontroll**
Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er ikkje levert inn situasjonsplan som viser leidningsnett frå veggliv fram til tilknytingspunkt på kommunalt leidningsnett. Situasjonskartet skal vise leidningar slik dei er bygd. Stoppekran og stakekum skal være vist og innmålt.

   Vedlagt bilde er ikkje tilstrekkeleg dokumentasjon til at kommunen kan handsame ferdigmeldinga.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn snarast og seinast 25.09.2023.
Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**
Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

**Alver kommune**
Postboks 4, 5906 Frekhaug | post@alver.kommune.no | Kontonummer: 3207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 | www.alver.kommune.no | Organisasjonsnummer: 920 290 922

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning

| | |
|---|---|
| Torkjell Holm Brenna<br>Avdelingsleiar | Linda Hammersvik Folkestad<br>Ingeniør |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Jan Haugsvær | Blindheimsvegen 5 | 5131 | Nyborg |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fløysand Va As | Fløksand | 5918 | Frekhaug |